

NVE,

Konsesjonsavdelinga,

Postboks 5091 Majorstua,

0391 Oslo.

Høyringsuttale vedkomande konsesjonssøknad for Bjørneklettbotn Kraftverk, vassdragsnr. 067.2A, tiltakshavar Småkraft AS.

Me er gjort kjende med konsesjonssøknad frå Småkraft for Bjørneklettbotn Kraftverk, som no ligg ute på høyring. Etter som dette prosjektet vil føra til omfattande inngrep, skade og ulemper for vårt nærmiljø, reknar me med å ha meiningsrett i denne saka og ventar å bli høyrde.

Søknaden ber preg av at han er utarbeidd av to ulike tiltakshavarar, og det er manglande samsvar mellom opplysningar gjevne om viktige sider av utbygginga. Såleis er kraftstasjonen i kartmateriale på side 16, 17, 27 og 28 framleis plassert på Kjetland, medan han seinare i søknaden er plassert lenger oppe, i Bjørneklettbotn på kote 100. Etter å ha fått stadfesting frå Småkraft munnleg om at det er det siste alternativet som gjeld, legg me dette til grunn for vår vurdering. Me registrerer også feil og manglar i enkelte andre avsnitt, som t.d. i omtalen av Samla plan på side 16-17.

Me ser flyttinga av kraftstasjon tilbake til ubebyggt område på kote 100 (slik prosjektet vart vurdert i Samla plan) som ein stor føremon. Ei plassering på Kjetland etter BKK sitt alternativ ville turrleggja Sagefossen og medføra både plagsam støy og sjenerande innsyn i bebyggt område.

Etter ei samla vurdering finn me likevel at denne utbygginga, sjølv etter Småkraft sitt alternativ, ikkje vil vera til beste for lokalsamfunnet. Me vil difor oppmoda NVE om å avslå tildeling av konsesjon til dette prosjektet. Grunngevinga for vårt standpunkt kan me samanfatta i fylgjande hovudpunkt:

Plassering Samla Plan 2001.

Dette prosjektet vart vurdert i Samla Plan så seint som i 2001 (Vassdragsrapport 25, 1999) som Haukeland Kraftverk, alternativ B4. I brev av 22.10 2001 til BKK frå Direktoratet for naturforvaltning blir prosjektet plassert i kategori 2 og kan difor ikkje konsesjonssøkast. Av ukjende grunnar har BKK i sin konsesjonssøknad ikkje opplyst om dette, heller ikkje at Bjørneklettbotn kraftverk er identisk med Haukeland kraftverk, Alt. B4 i Samla plan. Småkraft opplyser i sin søknad, side 16, at Haukeland alt. B3 vart plassert i kategori 2. Dette er feil. B3 vart plassert i kategori 1.

Elles viser Småkraft til nytt lovverk frå 2005 (Supplering av verneplan for vassdrag) som fritenk prosjekt under 10 MW frå Samla Plan-vurdering. Men dette prosjektet vart vurdert alt i 1999-2001 etter det som var gjeldande lovverk den gongen. Ein kan ikkje etter vårt syn no oversjå dei vurderingar og den plassering som då vart

gjort ved å visa til ei lov som kom 5 år seinare. Det ville vera å gje lova tilbakeverkande kraft. Før Bjørneklettbotn kraftverk/Haukeland B4 kan konsesjonshandsamast må prosjektet etter vårt syn revurderast i Samla Plan-samanheng.

Vurderingane i Samla plan bør elles tilseia at dette prosjektet er uaktuelt i einkvar konsesjonssamanheng, uansett. Masfjorden kommune er såleis også heilt tydelege i sin uttale til plasseringa 22.06.2000 der det heiter: »Masfjorden kommune vil at heile området i Masfjorden kommune vert plassert i kategori 2». Me har ingen grunn til å tru at kommunen no har eit anna syn.

Natur og miljø.

BKK fekk i 1953 konsesjon til å byggja ut Haugsdalsvassdraget, utan pålegg om minstevassføring. Fyrste byggjesteget vart sett i drift i 1956. I snart 60 år har Haugsdalselva i lange periodar difor hatt svært redusert vassføring. Dette prosjektet vil redusera vassføringa mellom Storevatn og Bjørneklettbotn endå meir, og 4 km av elva vil i store delar av året bli nesten turrlagt.

Vassdragsrapport 25 vurderer konsekvensane av denne utbygginga som store negative for naturvern, friluftsliv og vilt. For fisk vert dei vurderte som middels negative. Me synest kanskje det er på tide å få meir vatn i elva heller enn mindre, og meiner me som bur i denne grenda har ytt nok av våre ressursar til beste for kraftutbygging som kjem andre til gode. Me ynskjer ikkje å få nærmiljøet vårt redusert og øydelagt endå meir, med den enkle grunngjeving at nok er nok.

Ferdselsvegar.

Den gamle ferdselsvegen mellom Kjetland og Haukeland går langs den elvestrekninga som vil bli skadelidande ved denne utbygginga. Denne vegen er eit kulturminne som har vore nytta som ferdselsåre mellom gardane og tent som sjøveg for Haukeland i fleire hundre år.

Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen presenterer i dag stien som ein offentleg kulturveg, og det er gjort skriftleg avtale mellom Masfjorden kommune og grunneigarane om drift og vedlikehald.

Viktige særmerke langs denne vegen er fleire fossar og stryk i elva og sjølsagt elva i sin heilskap. Desse fossane kan framleis vera imponerande i nedbørsrike periodar. Eit kraftverk i Bjørneklettbotn, med bortførd elv som konsekvens, vil redusera naturopplevinga monaleg.

Viktige synsinntrykk frå stien er også elva som renn forbi Bjørnekletten. Denne er tenkt tappa ned i driftstunnel og vil for det meste bli borte. Denne elva er ein viktig del av livsmiljøet og livskvaliteten på denne garden og blir eit stort tap for dei fastbuande og alle som kjem dit.

Minstevassføring, slukeevne.

Skulle NVE, trass våre innvendingar, likevel finna grunnar for å gje konsesjon,

kan skadeverknadene i nokon mon reduserast gjennom pålegg om minstevassføring og redusert slukeevne. I søknaden er det gjort framlegg om 52 l/sek for hovudelv og 8 l/sek for sideelv om sommaren,ingen minstevassføring vinters tid.Dette er sjølv sagt heilt uakseptabelt.Ein eventuell konsesjon må innehalda krav om ei minstevassføring i hovudelva på minst 300 l/sek,sommar som vinter.For Bjørneklettelva må kravet vera minst 100 l/sek,også der heile året.

Småkraft må heller ikkje få løyve til å auka slukeevna i stasjonen ut over det som er stipulert for dette prosjektet i vassdragsrapport 25(B4), som er 3.17 m³/sek.Auka slukeevne vil gje langt færre dagar med brukande vassføring i hovudelva på den strekninga som blir berørt.

Me vonar likevel at NVE tek omsyn til dei vurderingane som vart gjort under Samla plan-handsaminga for 15 år sidan og ikkje gjev konsesjon for denne utbygginga.Me har registrert at krava til utbyggingsprosjekta har auka år for år,og at stadig fleire får avslag på sine søknader,av ymse grunnar.Me ser svært mange grunnar til at dette prosjektet ikkje held mål,og at den meir restriktive utviklinga så avgjort bør tilseia at denne utbygginga aldri blir realisert.

Indre Haugsdal , 4.mai 2015.

Ellen Kjetland
Marion Kjetland
Åsmund Kjetland
Silje Vågseth Kjetland
Ingebjørg Kjetland
Sigfred Kjetland
Sverre Haugeton
Einar Tverberg
Ann Elisabeth Mayrgh
Anden Kjetland

Kare Storsæter
Torill Storsæter
Jenny Lantala
Maren Lantala
Siv Tverberg
Beate I. Matre
Sigbjørn Kjetland
Olav Tverberg
Ruth Tverberg

Kontaktperson:Albert Kjetland,Indre Haugsdal 490, 5984 Matredal.
Telefon 56366055. E-post albert.kjetland@nettstar.as